



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/83677-4

Dykkar referanse:
16/383 – 18/11063

Vår dato:
16.05.2018

Merknad til offentlig ettersyn av reguleringsplan – Alver næringsområde sør – PlanID 1263-201601

Vi viser til reguleringsplan for Alver næringsområde sør, motteke til offentlig ettersyn 12.04.2018. Høyringsfrist er 19.05.2018.

Oppstart for planarbeidet vart varsla i mai 2016, under namnet «Alverflaten næringsområde sør, del av gnr. 137 bnr. 23 m. fl.»

Formål med planen

Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for utviding av Alver næringsområde i sør. Planområdet er i gjeldande kommunedelplan avsett til næringsareal, framtidig areal for tenesteyting og LNF-område.

Andre planer i området

Planområdet for Alver næringsområde sør grensar til reguleringsplan for Alver næringsområde, PlanID 1263-201206. Ein mindre endring av den reguleringsplanen har nyleg vore på offentlig ettersyn, og legg til rette for vegtilkomst for søndre del av næringsområdet (denne planen). Statens vegvesen er ikkje kjent med om endringa i reguleringsplanen for Alver næringsområde er stadfesta av Lindås kommune.

Mjuke trafikantar langs Alvervegen

Føresegn §2.2 sikrar at veg og fortau langs Alvervegen, mellom Alverflaten og planområdet, skal vere ferdig opparbeidd før det vert gitt løyve til tiltak innanfor planområdet. Statens vegvesen er samd i vurderinga kommunen har gjort her, jf. kommunens saksutgreiing.

Mjuke trafikantar i næringsområdet

Det er ikkje lagt til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar gjennom næringsområdet. Så vidt vi kan sjå er det heller ikkje omtalt i planomtalen eller i ROS-analysen. Dette er ein svakhet ved planen. Etter som næringsområdet veks, må ein vente auka trafikk av alle trafikantgrupper. Det må òg påreknast at vegane i næringsområdet kan verte nytta som tilkomstveg til grøntområdet i nordaust.

Statens vegvesen ber om at kommunen gjer ei ny vurdering av tilhøva for gåande og syklende gjennom næringsområdet. Etter vårt syn må ein som eit minimum sikre areal slik at fortau kan etablerast seinare.

Generell kommentar om kap. 9 Innkomne innspel

Forslagsstiller har kommentert dei innkomne merknadene tidleg i planprosessen, og skriv kva dei vil gjere i planfasen. Etter vår vurdering bør kommentarane oppdaterast i slutten av planfasen, slik at dei gir svar på kva vurderingar som er gjort. Til dømes står det om Statens vegvesens merknad nr. 3 at tiltak for mjuke trafikantar gjennom næringsområdet vil bli vurdert i planprosessen. Her meiner vi at ein òg skulle ha skrive kvifor ein har valt som ein har gjort, eventuelt i kva kapittel i planomtalen dette er omtalt.

Trafikktilhøve på fv. 565 Alverflaten

Ved varsel om planoppstart bad Statens vegvesen om at det vart laga ei trafikkanalyse som viser konsekvensen for tilhøva på fv. 565 Alverflaten. Dette er gjort, og denne ligg vedlagt plandokumenta.

Trafikkanalysen konkluderer med at krysset mellom fv. 565 Alverflaten og Alvervegen vil tole den venta trafikkauka som følgje av full utbygging i heile Alver næringsområde.

Med grunnlag i trafikkanalysen vurderer Statens vegvesen at vi kan akseptere den utviklinga som reguleringsplanen legg opp til, og som går fram av føresegn §4.1 Næring. Vi ser imidlertid at tilkomsten til området, i kryss med fv. 565, nærmar seg kapasitetsgrensa. Vi vil difor ikkje tilrå at kommunen tillèt vidare fortetting/utbygging i dette området.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

